

# Inner Wheel med distriktsårsmøte

I helga arrangerte den lokale Inner Wheel-klubben Distriktsårsmøte. Møtet var lokalisert til Volda og Ørsta. Helga starta på Volda Turisthotell med om lag 90 påmelde frå heile distriktet. Laurdag vart det møte på Hotell Ivar Aasen, som heldt fram søndag med gruppearbeid med tittel "Vegen vidare", som grunnlag for strategiplan for arbeidet framover i Distrikt 27.

Å fremje sant venskap, oppmun- tre til personleg hjelpsemd og teneste, og å utvikle internasjonal forståing, er formålet til Inner Wheel.

«Inner Wheel» er ein interna- sjonal organisasjon, som er ein av verda sin største kvinneorganisa- sjon. 103 land er med, og til saman har organisasjonen eit medlemstal på rundt 100.000. Klubbane er delt inn i distrikt, og i helga var det arrangert årsmøte for distrikt 27.

Det var fullt program heile helga når kvinnene i distriktet skulle møtast til årsmøtet. Fredag starta dei med ei sosial samling på Volda Turisthotell, før sjølve årsmøtet byrja laurdag føremiddag. På søndag skulle det vere gruppe- arbeid med tittel «vegen vidare», som grunnlag for strategiplanen for arbeidet framover i Distrikt 27.

## Opning med helsingar og song

Årsmøtet vart opna med velkom- sthelsing ved distriktspresident Britt Indresøvdde. Deretter vart det framført tre musikkinnslag av Idun Bergem Lia. Ho framførte både melodiar på fløyte, og ein sjølvarrangert song med keybo- ard.

Ordførar i Volda, Ragnhild Aarflot Kalland tok også del i møtet. Der viste ho fram vakre bilete av både naturen, spesielle

bygningar og sentrum. Ho opp- lyste mellom anna dei framsmøtte medlemmane om alle kultur og fritidsaktivitetane i bygda, om næringslivet og om kommunen.

Rotarypresidenten Harald Indresøvdde var også tilstades for å gi ei helsing. Han fortalte at i Volda har Rotary og Inner Wheel god kontakt, noko dei tykkjer er viktig.

## Flott samling

Rådspresidenten i Inner Wheel Norge, Sissel Høihjelle Michelsen fortalte at ho tykte det var kjekt når distriktet samlast, og forklarte at dei hadde hatt ei flott samling på fredagen, med god mat og eit skikkelig sunnmørsk kakebord. Ho forklarte at distrikt «27» er det lengste i Noreg, og strekker seg heilt frå Møre og Romsdal til Finnmark. I dette distriktet er det 13 klubbar, med til saman 247 medlemmer.

## Internasjonale prosjekt

Det internasjonale prosjektet til Inner Wheel per dags dato er «Improving girls education in Bolivia», og Inner Wheel Norge er også engasjerte når det gjeld prosjekta: Utdanning av narkoti- kahundar i Tollvesenet, Fistula og leprapasientar (gjennom FOKUS og Det Norske Misjonsselskap) og Tetanusvaksiner (gjennom UNICEF). Sissel Høihjelle Michelsen opplyste at Inner Wheel er ein uavhengig organisa-



\* Rådspresident Sissel Høihjelle Michelsen, Rotarypresident Harald Indresøvdde og Distriktspresident Britt Indresøvdde.

sjon, men når det gjeld prosjekt som handlar om helse, så brukar dei å samarbeide med andre organisa- sjonar.

## Aktive

Inner Wheel Norge har også bygd eitt av husa i barnelandsbyen Kandalaksha i Murmansk for SOS-barnebyar, i tillegg til å støtte Rotary i deira arbeid med Handicamp på Haraldvangen. Lokalt er Inner Wheel aktive i til dømes «sjukehussaka», der dei drog lasset med å arrangere fak- keltog.

Sofie Sætre



\* Ordførar Ragnhild Aarflot Kalland var også med på møtet, ho fortalte om Volda og viste fram bilete av Volda sin fine natur.



\* Idun Bergem Lia framførte både fløytespel, song og keyboard- speling under opninga av årsmøtet.

## Prosjekt

### Nasjonalt:

Innsamling av pengar til innkjøp av Narkotikahundar i Tollvesenet der Inner Wheel ein gong kvart år sel gule roser. Overskotet, van- legvis mellom 15 og 20.000, går uavkorta til Tollevesenet. - Vi kan skryte av at vi er den klubben i Norge som har samla inn mest pengar til dette prosjektet, og det tar vi med oss! står det å lese i informasjon får klubben i Volda.

### Internasjonalt

Fistula-prosjektet i Etiopia – hjelp til kvinner med fødselsskader.

Via innsamla midlar er Inner Wheel med på å hjelpe desse kvinnene til eit rikare liv, frå å være utstøtt i sine samfunn fordi dei ikkje har kontroll over kroppen sin etter barnefødsler som har påført dei indre skader, ofte i så ung alder at kroppen ikkje er fer-

dig utvikla, så er klubben med på å legge til rette for operasjonar som gjer at dei kan få eit godt liv igjen. Pengar til dette prosjektet vert ofte samla inn via egne arrangement

### Lokalt

Inner Wheel prøver å ta tak i lokale prosjekt, t.d. "Sjukehussaka". -Der var vi pådrivarar og arrangerte fakkeltog for å få fram meiningane til grasrota. Dette var eit prosjekt der vi fekk god hjelp av Rotary, og vi må vel sei oss godt nøgde med profileringa dette gav. Vi starta også opp under- skriftskampanje i samband med at det var foreslått å stengje fødeav- delinga i Volda om sommaren for nokre år sidan, dette for å spare pengar vart det sagt. Den vart stengt den sommaren, men, ikkje sidan, fortel Inner Wheel.

- Sist haust arrangerte vi kvinne-seminaret "Nøkkelen til arbeidsglede og livsglede i kvar- dagen". Som rein kvinne-organi- sasjon så var det naturleg for oss å by inn til dette, og å oppleve at 200 engasjerte og lydhøre damer kom for å være med var stort, og vart for oss ein suksess.

Inner Wheel var også med på arrangørsida av eldrefesten i februar saman med Rotary.

- Ein eller to gongar i året tar vi med oss song-stemmene våre og underheld på ulike institusjo- nar i Volda kommune. Tilbake- meldingane er positive, og då er vi nøgde! Av program-innslag elles på møta våre, så gjer vi oss nytte av klubb-medlemene, vi hentar inn eksterne krefter, vi reiser på bedriftsbesøk, fortel Inner Wheel i Volda.